


# Registreringens forløp og resultater

## Forløp

Under registreringen av planområdet ble maskinell sjakting brukt som primærmetode. Denne metoden innebærer at man skaver av matjordlaget i sjakter, for avdekke eventuelle strukturer i undergrunnen. Strukturene som man her er på jakt etter er hovedsakelig bosetnings spor som stolpehull, veggriller, kokegroper, graver med mere. Videre vil man òg forsøke å avdekke artefakter i sjaktene. Dette kan være redskaper som er laget av ulikt materiale eksempelvis artefakter av flint, funn av keramikk, det vil si generelle gjenstandsfunn som også kan være med på å indikere for et aktivitetsområde eller bosetningsområde. Søkesjaktene varierer i lengde fra 15- 40 meter avhengig av topografiske forhold og sjaktestrategi. Bredden til disse ble satt til omtrentlig 2.5 - 3 meter. I alt ble 2938m<sup>2</sup> sjaktet.



Kart 4. Viser planområdet med sjaktene som ble lagt ut, samt det planerte området i øst.

Under denne undersøkelsen ble i alt 48 sjakter lagt ut. 36 sjakter gikk i en nordøst mot sørvestlig retning, mens 12 sjakter ble lagt fra vest mot øst (Bilde 2 og kart 4). Målet var å få hver sjakt til å dekke mest mulig og la hver rad med sjakter i stor grad overlape hverandre. Dette ble gjort for å øke sannsynligheten for å avdekke strukturer som la skjult av matjordlaget. Matjordlaget innenfor planområdet var 20-30 cm tykt (bilde 1). Undergrunnen besto av en grågul leirmasse med enkelte innslag av blåleire. Den østligste

# Rapport frå arkeologisk registrering

*Sak:* Reguleringsplan for del av Hovet

*Gbnr* 145/5, fnr. 18  
*Kommune* Sande  
*Saksnr* 200403678  
*Rapport v/* Jan Berge  
*Rapportdato* 01.11.05



## **Bakgrunn for undersøkinga**

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for etablering av 4-5 nye tomter for fritidsbebyggelse. Området er uregulert, og dels avsett til ”Byggeområde – eksisterande fritidsbebyggelse”, og dels LNF-område i kommuneplanens arealdel 2003-2015.

Føremålet med denne undersøkinga er å klargjøre om planområdet kjem i konflikt med kulturminnevernet, jf. undersøkingsplikta § 9 i Kulturminneloven av 9. juni 1978.

## **Samandrag**

Innanfor planområdet vart det funne to anlegg i form av ei kokegrop og ein udefinerbar nedgravning. Det framkom òg eit lausfunn i form av eit avslag i flint.

## **Tidsrom og bemanning**

Feltleiar for undersøkinga var Jan Berge. Maskinførar var Per Galleberg, med maskin frå Tor Asbjørn Bruslerud. Tore Johansen frå historielaget var med heile dagen med interessant lokalinformasjon og til hjelp i søk etter fleire flintavslag. Elisabeth Svendsen fra Ingeniørservice AS sto for innmåling.

Undersøkinga i felt gjekk føre seg den 16.06 2005. Veret var pent og la ingen hindringar i vegen for undersøkinga.

Dei to anlegga vart etterkvart frigjort av riksantikvaren, så registrator drog ut til feltet den 28.07 2005 for å totaldokumentere dei. Sidan sjaktene på det tidspunkt var dekt til, var Ansgar Sørbo med som maskinførar.

Undersøkinga vart budsjettert til 2 dagsverk/15 timesverk. Dette gjeld feltarbeid/etterarbeid for registrator og ei kolprøve. Til saman 14 750 kr.

I felt ble det i fyrste omgang nytta 7,5 timesverk for registrator. Etterarbeid for registrator tok 7,5 timar.

I andre omgang vart det nytta 5 timesverk i felt og 2,5 timesverk til etterarbeid, totalt 12,5 timesverk felt og 10 timesverk etterarbeid.

## Områdeskildring

Planområdet ligg i Sandviken-/Leinaområdet i Sande kommune.

Topografisk består landskapet i dag av fleire flate parti som ligg spreidd opp over skråninga frå sjøen og opp mot veldig bratt terreng i fjellknausen ”Borgaren” i N. Planområdet ligg no på ca. 55 moh. Det er noko spreidd bebyggelse og fritidseigendomar, noko dyrka mark, noko skog og ein del unytta terreng der dette skrånar for mykje.

I området er det kjent fleire fornminne. Aust for planområdet, rett over grensa til Svelvik, ligg to rundrøyser (ID53029 og ID74920). Sør for planområdet, på knausar lengre ned mot Sandvika, ligg fleire gravhaugar frå bronsealder (ID9618, ID62836, ID74919, ID77232), og i 2000 vart det greven ut ein buplass frå bronsealder på garden Dyrdal (gnr. 145/2) SV for planområdet. I området er det gjort fleire funn av skafftholsøkser. Det er berre eit par kilometer i luftlinje over fjorden til Rødtangen, der det finnes fleire bronsealderroyser og ei av Noregs få megalittgraver.

Nokre få meter N for planområdet, 140 m NNØ for våningshuset på Hovet (som no er i ferd med å verte riven), ligg ei hole (ID49066) og ein hellar. Det vart gjort undersøkingar her i 1931 av Sven Rygge, utan at det var gjort funn av menneskeleg aktivitet. Den er 10,5 meter lang, 3 meter på det breiaste og ca. 3-4 meter høg. Opninga ligg i ei ur og er berre ca. 1 meter i omkrins. Denne vart det no teke eit par bilete av (Foto 11-13).

Dette området langs fjorden har vore basert på ein kombinasjon av åkerbruk og fiske. Det er store førekomstar av havlaks i fjorden utanfor. Lune vikar og bukter har gjort dette området attraktivt i frå lang tid attende.

## Planområdet og lokalt kulturmiljø

### *Planområdet*

Planområdet går under namnet Hovet og ligg under garden Dyrdal. Gards- og bruksnummer er 145/5, festenummer 18. Grunneigar og tiltakshavar er Sande kommune.

Planområdet inngår i forslag til regulering av kommuneplanens arealdel, der Hovet er avsett som ”Byggeområde – eksisterande fritidsbebyggelse”.

Planområdet ligg i enden av Sandviksvegen , ein 100-200 meter frå grensa mot Svelvik, og er omgjeven av eksisterande byggeområde i S og V, fjellknausen ”Borgaren” i N og eit ikkje-bebygd LNF-område i Ø. På SØ-halvdel av planområdet er terrenget nesten flatt, medan det stig bratt mot NV. Det er difor berre ein liten del SØ i området som er eigna for bebyggelse. Dette tek forma av eit sterkt grasvekst jorde.

Jordsmonnet i den delen av planområdet som kunne sjaktas består av sand- og humushaldig matjord. Undergrunnen består av brunoransje sand og grus, med noko større rullestein her og der.

### *Lokalt kulturmiljø*

Reguleringsplanen omfattar berre ein del av gnr 145, bnr. 5 (Hovet) samt eksisterande fritidseigedom gnr. 145, bnr. 5, fnr. 18 i Sandviken/Leinaområdet. Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, verken lause eller faste.

## Registreringas forløp og resultat

### *Forløp*

Metoden som vart nytta ved denne undersøkinga er det vi kallar maskinell sjaktregistrering.

Denne går ut på at vi fjernar matjordlaget forsiktig med gravemaskin med flatt skjær på skuffen, og deretter nyttar ein ei krafse for å reinse fram undergrunnen. Dette føregjeng parallelt, slik at registrator gjeng nede i sjakta samstundes med at gravemaskinen fjernar matjordlaget. Eventuelle strukturar som er gravne ned i undergrunnen, vil då ofte framstå som mørkare fyllskifte.

Det totale arealet av planområdet er på 17588,94 m<sup>2</sup>. Veldig mykje av planområdet er med omsut til terreng og bebyggelse ikkje egna til sjakting, det er berre på den vesle, grasvoksa sletta i austre del av planområdet at dette var gjennomførbart. Det sjaktelege området er difor på berre ca. 800 m<sup>2</sup>. Totalt ble det på dette området lagt to sjakter, medan ei vart lagt rett utanfor våningshuset. Total lengde var 66 meter, breidda ca. 3 meter. Avdekt område vart då på ca. 200 m<sup>2</sup>.

Området og sjaktene vart fotografert. De to anlegga som vart påvist, vart dokumentert i plan og profil med skildring, foto og teikning. Det vart teke ut kolprøve frå begge anlegga. Elisabeth Svendsen frå Ingeniørservice AS sto for innmåling av felt, sjakter og anlegg med GPS og totalstasjon.

### *Skildring av sjaktene*

#### *Sjakt 1:*

Ø i planområdet, NV i feltet. Sjakta vart lagt i retning NØ-SV. Lengda vart på 29 meter og breidda 3,5 meter. Matjordlaget var ca. 40 cm djupt. Undergrunnen besto av brun/brunoransje sand med fleire mørkare humushaldige flekkar, antageleg restar etter røter. Undergrunnen var noko forstyrra av to store grøfter, ei i V- og ei i Ø-del. Særleg i V-del var det forstyrringar i form av røter og ein del stein av ei viss støring. I denne sjakta vart anlegga ID91681-1 og ID91681-2 funne, mest i kvar sin ende av sjakta. Sjakta vart utvida 1 meter N og 4 meter Ø i samanheng med ID91681-1. I Ø-del av denne utvidinga dukka det opp ein moderne vannledning i plast.

#### *Sjakt 2:*

Denne sjakta vart lagt Ø for, og parallelt med, Sjakt 1, retning NV-SØ. Lengda vart på 27 meter, breidda 3 meter. Matjordlaget var på ca. 40 cm. Undergrunnen besto i V-del av brun- til

brunoransje fin sand, noko spetta av grå og brune humushaldige flekkar. Forstyrre av ein del rotar. Denne delen var skogsbotnliknande. Denne delen byrjar òg å helle litt oppover retning SØ, og i overgangen her vart F.nr. 1 gjort. Sjakta er forstyrre på midten av den same grøfta som er i V-del av Sjakt 1. Ø-del er lik V-del, men mindre forstyringar av røter. Det er få større stein i denne sjakta.

### Sjakt 3:

Denne sjakta vart lagt V for, og mellom Sjakt 1 og 2, i same retning NØ-SV. Lengda vart på 10 meter, breidda 2,5 meter. Djubda på matjordlaget er på maksimalt 20 cm. Denne sjakta vart lagt over haugen framføre våningshuset for å avklare om dette var ein naturleg eller kulturell haug. Undergrunnen besto av mykje rullestein av støringsorden fotball og ned til grus. Mellom desse steinane var det brunoransje grus. Sjakta var funntom og det konkluderast at haugen er ein naturleg strandvoll eller tilsvarande.

### *Resultat*

I løpet av undersøkinga vart det avdekt to anlegg og eit lausfunn. Lausfunnet er eit avslag i grå flint på 6,5x3 cm, med noko cortex. Det vart funne under opprens heilt V i Sjakt 2, der terrenget skrånar noko oppover.

### Anlegg:

#### ID91681-1

Dette anlegget vart funne i Sjakt 1. I plan hadde det form av ein sirkulær nedgraving med mykje til dels tettpakka stein, mange av dei skjorbrente. Størringa var på ca. 80x80 cm. Det konkluderast med at dette er ei kokegrop. I profil var formen på sjølve kokegropa av den vanlege, bolleforma typen, djubde ca. 15 cm. Anleggets fyllmasse besto av gråbrun og sortgrå humushaldig sand med ein del trekol. Men i tillegg til dette var det eit eit fyllskifte som gjekk vidare ned i undergrunnen. Dette kunne moglegens sjå ut som eit stolpehol, men eg trur eigentleg ikkje at det er det. For det fyrste er det noko skeivt, det har innslag av brunoransje sand midt i, og steinen på botnen er av den vannrulla typen, ganske tjukk og eigentleg ein dårleg stein til eventuell skoning. Min teori er at det er røter som har funne vegen ned gjennom den gode jorda i kokegropa og trengt ned i undergrunnen. Der har dei teke tak i ein av dei større steinane som ligg under undergrunnssanden og løfta på denne så den står på høgkant. Det er altså eit naturfenomen.

Det vart teke ut ei vitenskapelig prøve (VP-1) i SØ-del av anlegget, for eventuell datering med C14-metoden. Elles vart anlegget totaldokumentert med digitalt foto og teikning i plan og profil.

### ID91681-2

Dette anlegget vart òg funne i Sjakt 1. Det har karakter av ein halvsirkelforma nedgraving på ca. 140x80 cm. I SØ-del av anlegget var det eit tydeleg spor av ein rektangulær forma flekk med ein del trekol. Det vart herifrå teke ut ei vitenskapelig prøve (VP-2) for eventuell datering med C14-metoden. Det var òg ein del trekol i NØ-del, om enn ikkje så mykje.

Anlegget låg rett V for den austre moderne grøfta i Sjakt 1. Det verka fyrst utflytande og ikkje komplett, og i fyrste omgang lurte eg på om det kunne ha vorte forstyrra av denne grøfta. Profilen viser derimot at det heilt klart er ein nedgraving, om enn av ukjent karakter. Den er delvis bolleforma, med nokolunde flat botn. Fyllmassen er mørk grå, humushaldig sand. Det er berre i den austre delen det er trekol, for profilen viste ikkje teikn til dette. Derimot er det spreidde flekkar med brunoransje sand i profilen. I botn ligg det fleire stein mest som i ein pakning, men som i ovanfor nemnte kokegrop trur eg desse er naturleg rullestein med steril undergrunnssand over seg. Konklusjonen på dette anlegget er at det heilt klart er ein slags kulturell nedgraving, men om det var eit automatisk freda kulturminne eller noko moderne, er eg uviss på. Det var noko med fyllmassen som ikkje verka så veldig gammalt, utan at eg kan setje fingeren heilt på det. Ein får avvente resultatet av dateringsprøva. Om det er eit reelt anlegg frå før-reformatorisk tid, er det på noverande tidspunkt ikkje mogleg å sei kva det har vore. På grunn av trekolet kan ein anta at det er ein slag eldstad, men med tanke på at det ikkje vart observert trekol i profil, er dette høgst usikkert. Anlegget vart dokumentert med digitalt foto og teikning i plan og profil.

Foto ligger lagra på:

<G:\Avd - plan\Kulturminnevern\Felles\FOTOARKI\Digitale foto\Sande\Sande, D1-200403678>

Under nr. 3849 i fotoarkivet.



## Konklusjon

Undersøkinga førte til at to anlegg og eit lausfunn i form av eit flintavslag kom for dagen. Det eine anlegget var ei kokegrop og difor eit automatisk freda kulturminne. Det andre anlegget herskar det noko meir tvil om, det er ein klar nedgraving, men det er ei særleg uvisse knytt til alder og funksjon til dette. Flintavslaget indikerar at ein plass i nærleiken kan det finnast ein lokalitet frå steinalderen.

## Vedlegg

*Vedlegg 1:* Kart.


*Vedlegg 2:* Anleggsliste, funnliste og vitskaplige prøver.

*Vedlegg 3:* Teikningar.

*Vedlegg 4:* Fotoliste.

*Vedlegg 5:* Foto.

**REGULERINGSPLAN FOR SANDVIGEN,  
SANDE KOMMUNE  
(SAK 200401378).**




● planområdet









# REGULERINGSPLAN FOR SANDVIGEN, SANDE KOMMUNE (SAK 200401378).

- planområdet
- automatisk fredet kulturmønne
- kommunegrense



REGULERINGSPLAN FOR  
SANDVIGEN,  
SANDE KOMMUNE  
(SAK 200401378)

-  plangrense
-  sjakt
-  ID91681-1 kokegrop
-  ID91681-2 uidentifisert nedgravning
-  automatisk fredet kulturmønne



## Vedlegg 2

### Anleggsliste:


id-nr.	Type	Funn	Dokumentasjon				Plassering
ID91681-1	Kokegrop	VP-1	Foto		Teikning		Sjakt 1
			Plan	Profil	Plan	Profil	
			X	X	X	X	
ID91681-2	Udefinerbar nedgravning	VP-2	Foto		Teikning		Sjakt 1
			Plan	Profil	Plan	Profil	
			X	X	X	X	

### Vitskapelige prøver:

VP-nr.	Frå	Type
VP-1	ID91681-1	Trekol
VP-2	ID91681-2	Trekol

### Funnliste:

F.nr	Kva	Materiale	Storleik	Kor	Kontekst	Merknad	Dato	Sign.
1	Avslag	Flint	6,5x3 cm	V i Sjakt 2	Lausfunn	Med cortex	16.06.05	JB



## Vedlegg 4

### Fotoliste:

Nr.	Motiv	Retn.	Dato	Sign.
1	Oversikt felt før sjakting	NØ	16.06.05	JB
2	”	V	”	”
3	”	NØ	”	”
4	”Haug” på tun	SØ	”	”
5	”	S	”	”
6	Sjakt 1	NØ	”	”
7	Sjakt 2	”	”	”
8	Sjakt 3	”	”	”
9	ID91681-1 plan	NV	”	”
10	ID91681-2 plan	”	”	”
11	ID49066 avstand	N	”	”
12	ID49066 utanfor	”	”	”
13	ID49066 innsida	”	”	”
14	ID91681-2 plan	Ø	28.07.05	”
15	ID91681-2 profil	”	”	”
16	ID91681-2 nærbilete profil	”	”	”
17	ID91681-1 plan	NV	”	”
18	ID91681-1 profil	”	”	”
19	ID91681-1 nærbilete profil	”	”	”

## Vedlegg 5

Foto:



1. Oversikt felt før sjakting, mot NØ.



2. Oversikt felt før sjakting, mot V.



3. Oversikt felt før sjakting, mot NØ.



4. ”Haug” på tun, mot SØ.



5. ”Haug” på tun, mot S.



6. Sjakt 1, mot NØ.





7. Sjakt 2, mot NØ.



8. Sjakt 3, mot NØ.



9. ID91681-1 plan, mot NV.



10. ID91681-2 plan, mot NV.



11. ID49066 avstand, mot N.



12. ID49066 utanfor, mot N.



13. ID49066 innsida, mot N.



14. ID91681-2 plan, mot Ø.



15. ID91681-2 profil, mot Ø.



16. ID91681-2, nærbilete profil, mot Ø.



17. ID91681-1 plan, mot NV.



18. ID91681-1 profil, mot NV.



19. ID91681-1, nærbilete profil, mot NV.